

Helgahelsing

Årgang 63 - Nr. 4

DESEMBER 2017



Odda



Tyssedal



Skare



Røldal



GOD JUL

Odda og Tyssedal sokn*Kyrjekontoret i Odda*

Almerket 17

Postadresse:

Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00

E-post: post@oddakirken.no fax 53 65 09 01Nettadresse: www.oddakirken.no

Kontortid: tysdag til fredag 09.00 – 14.00

Sekretær Angunn Handegard Trå

Direkte telefonnr.

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05

e-post: soknepresten@oddakirken.no

Diakon Annlaug H. Engmark tlf. 53 65 09 06

e-post: diakonen@oddakirken.no

Trusopplærer Jannike S. Stave tlf. 53 65 09 04

e-post: pedagogen@oddakirken.no

Kyrkjeverje Liv Eirill Evensen tlf. 53 65 09 07

mob. 951 35 798

e-post: kirkevergen@oddakirken.no

Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09

e-post: kantoren@oddakirken.no

Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10

e-post: organisten@oddakirken.no*Kyrkjetenarar*

Olav Andor Lono mob. 416 64 018

Jannike S. Stave mob. 950 06 055

Anne Marie Reistad mob. 917 79 772

Røldal og Skare sokn*Kyrjekontoret i Røldal*

Seimsv. 5, 5760 Røldal tlf. 53 64 71 40

E-post: soknepresten.iros@oddakirken.no

Sokneprest Arne Sveinung Nataas

Odda sokneråd

Leiar Åse Kaland mob. 992 75 147

Røldal sokneråd

Leiar Liv Karin Larsson mob. 476 18 491

Skare sokneråd

Leiar Steinar Tokheim tlf. 53 64 52 70

Tyssedal menighetsråd

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

Odda kyrkjelege fellestråd

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

HELGAHELSING*Redaksjon:*

Gunvor Stana Seljestad

Paweł Cabała - utføring

E-postadresse: helgahelsing@gmail.com**Send oss gjerne tekstar, bilete, mm.**

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

**REFLECTO****Min dåpskirke - Høyjord stavkirke**

Om du skulle kjøre gjennom Vestfold en gang, og du ser et skilt som leder til Høyjord stavkirke, ta deg gjerne tid til en liten avstikker. Høyt oppe på et platå ligger den, tjæret og mørk, i silhuett mot himmelen over de flate jordene som omkranser den. Her har kirka ligget siden 1100-tallet, først i en liten og unnselig form, siden større. Ved restaureringen, som ble ferdigstilt tidlig på 50-tallet, fikk den sitt nåværende uttrykk. Arbeidet med å sette i stand kirka var så omfattende og krevende at Fortidsminneforeningen i sin årbok fra 1954 bruker ordene «Høyjord stavkirke gjenreist».

Kirka er vakkert plassert i et åpent landbruksområde. Her var det gravhauger i førkristen tid, de fleste av haugene var små og er borte nå, men en stor gravhaug er fortsatt lett synlig på en av de nærmeste gårdene. Det er antatt at det er etter disse haugene kirka og bygda fikk navnet sitt, opprinnelig Haugagerdi, som kan ha betydning noe slikt som «inngjerdet jordstykke med hauger».

Stemningen inne i kirka må oppleves. Veggene er stort sett bare, lite utsmykket. I midtgangen står den store midtstolpen og holder konstruksjonen og det høye taket oppe, gjennom vær og vind, og i møte med nye århundrer.

Som barn var jeg så heldig å få oppleve kirkas historie og betydning på en nær og håndgripelig måte. Jeg var med i en gruppe elever som hadde lokalhistorie som valgfag. Siden jeg var glad i å tegne, fikk jeg i oppgave å tegne av en gammel bronsefløy som hadde stått på toppen av spiret, som en værhone. Ifølge gamle sagn i bygda, skulle bronsefløyen stamme fra adelsmannen Alv Erlingssons krigs- eller sjørøverskip. I bygda ble han bare kalt greven, eller «Mindre-Alv». Han skal etter sigende ha oppført en av sine residenser på gården Skjelbred i Høyjord. Greven levde et omflakkende og dramatisk liv, og led til sist en ublid skjebne, pågrepet og henrettet i Sverige i 1290. Det har vært spekulert i om Alv Erlingssson kan ha bidratt økonomisk til utvidelsen av kirka i sin tid, da den ved utbyggingen ble nokså stor i forhold til folketallet.

Jeg husker at jeg satt der i våpenhuset og fikk utlevert den sagnomspunne gjenstanden. Bronsefløyen. Den var stor, tung, blank og utrolig flott, med buktende ranker i dragestil og en avbildet løve. Og så var den i tillegg eldgammel og svært verdifull.

Tenk – at den hadde stått på et sjørøverskip! Tenk – at den hadde stått på tårnet til Høyjord stavkirke, i mange hundre år! Og tenk – at *jeg* skulle få lov til å røre ved den ...

I ettertid kan man kanskje si at man ikke burde latt en elleve år gammel jente håndtere uerstattelige kulturminner. Men læreren hadde tillit til meg, og det satte livslange spor. Jeg tegnet av fløyen så godt jeg kunne, i full størrelse, gjennom mange timer. Tegningen har jeg fortsatt, slitt og full av unøyaktigheter, men den viser noe mer enn bare en gammel bronsefløy. Andre ting skinner igjennom: Et barns møte med noe som er større enn det selv. Ærefrykt. Ønsket om å få vite mer.

Når vi i trosopplæringen lar barn og unge få slippe inn i kirkerommet og gå på oppdagelsesferd, skal vi ikke være redde. Da tenker jeg tilbake på den friheten jeg selv fikk som barn i Høyjord stavkirke, og hvilken verdi dette hadde for meg, og for mitt liv. Nysgjerrighet og interesse er verdifullt, og det skal vi gi oss rom for å ta vare på.

Høyjord stavkirke er min dåpskirke og konfirmasjonskirke. Vestfolds eneste gjenstående stavkirke. På mange måter symboliserer den for meg Vestfolds hjerte, der den ligger i ensom majestet, tilbaketrukket og verdig, midt i hjertet av fylket.

Liv Eirill Evensen - kirkeverge

Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på

for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følger med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, svette og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller frammand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er sår av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydde frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elskar, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktoy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017



HØSTTAKKEFEST I TYSSSEDAL KIRKE

22. OKTOBER MED UTDELING AV 4-ÅRSBOKA

I bibelen er saueflokket et bilde på Guds folk og det kristne felleskapet. Gjeteren eller hyrden er et bilde på Gud eller Jesus (Sal 23 og Joh 10, 11-16). Staven som gjeteren henter sauene inn i flokken med, er et symbol på bibelen, der vi kan høre hva Gud vil si til oss (Joh 10,4: et felleskap som vi alle er en del av).



Vi feiret at Gud har skapt alt, og takket Ham. 4-åringene var spesielt invitert til å ta imot 4-årsboken sin. Skaperverket var hovedtema for gudstjenesten og soknepresten fortalte om hvordan Gud skapte alt. Barna var med og hengte opp bilder av alle dyrene på flanellograf.

Det var en fin feiring i kirken.



STØRST AV ALT

S FØR HØGTIDSVERKSTAD I SKARE

A
M
L
I
N
G
A
R

Vi har hatt tre samlingar i Skare no i haust som vi har kalla samling før høgtidsverkstad. Samlingane byrjar kl. 17.00 og varer til 18.30. Det har vore kjekke samlingar med hobbyaktivitetar, leik og song ved pianoet og dramatisering med dokker. Vi skal ha tre nye samlingar i kyrkja på nyåret.


Det er fleire i staben vår som har vore med på kurs og laga dei fine dokkene som vi bruker i arbeidet. Vi var heldige å læra om dokkelaging av dokkemakar Ingeborg Wijland (som bur i Eidfjord). Ho har halde på med dette lenge. Vi har nokre bilete frå den dagen vi var der.

Det er kjekt å bruka dei flotte hånddokkene vi har laga til å dramatisera spennande forteljingar i bibelen. Jesus fortalte mange likningar når han gjekk blant oss her på jorda, mellom anna om den «miskunnsame samaritan» og om korleis vi skal vera mot kvarandre.

No har vi laga dokker frå denne likninga. Borna i Skare fekk vera med å spela med dei og verta kjend med karakterane i likninga. Den miskunnsame samaritanen var han som tok seg av den stakkars mannen som vart skada i øydemarka.

Tusen takk for eit fint arrangement, og takk til dei frivilljuge som var med! Ønskjer dykk alle ein fin advent og Guds rike velsigning.

Jannike Starefoss Stave - trusoplærer





«Adjø solidaritet - ?»

Solidaritetstanken er under press. Viljen til å dele blir mindre og nasjonalismen vokser. Miljøet taper for økonomiske interesser. Et stort ideal oppleves av mange som utdatert. På 500-årsdagen for reformasjonen spør vi hvordan vi skaper solidaritet og fellesskap i en ny tid?»

Dette var tittelen med undertittel, på Diakonikonferansen 2017 som eg var så heldig å få vera med. Er velferdstaten vår under press? Kva med all konkurranseutsettinga av arbeid me stadig høyrer om. «Alt» skal ut på anbod. Og dei med billigaste løysinga vinn ser det ut til. Men kva kan me ofte oppleve? Jo, at desse billigaste løysingane ikkje vert dei billigaste. På konferansen fekk me høyra gode innlegg om dette temaet. Fleire private aktørar er «Non profit», men dei strevar for å verta oppretthaldne. Alt skal ut på anbod. Dei klarar ikkje fylgje med i dette kjøret.

CRUX som før var «Kirkens sosialtjeneste» er ein slik «non profit» aktør. Dei driv eit omfattande diakonalt arbeid for å hjelpe til dømes rusmisbrukarar tilbake til samfunnet. På konferansen fekk me møte ein flott mann som hadde vore brukar. Takka vera at personar i CRUX stod på for han kan han i dag arbeida og leva eit normalt liv.

Me har markert 500 års dagen for reformasjonen. Dette året har me følgd Luther og «Nåden» har stått i sentrum for mykje forkynning. Luther si lære var veldig diakonal. Han ville vekk med avlatshandelen.

Ein kunne ikkje kjøpa seg fri frå synda si. Dette var det berre dei katolske leiarane som tente på. Han opponerte for å få dei katolske leiarane til å innsjå at dei var komen vekk frå det «Kristus nære» Jesus hadde peika på: Å vera ein tenar for folket! Han omsette Bibelen til tysk slik at folket kunne lese sjølv. Før var Bibelen bare på Latin. Han støtta kvinner i å vera myndige og refsa keisarar som levde med elskarinner. Han samla inn pengar for å dela ut til dei fattige. I middelalderen då Luther levde opplevde folket mykje naud og lidning. Mange var fattige. Luther gjorde noko med dette. Han gjorde opprør! I fylgje historia var det ikkje hans meining å skape ein reformasjon med Luther si lære, men å refse den katolske lære og få den tilbake til den «Kristus nære» teologien. Luther stod opp for dei svake i samfunnet og gjorde noko med det.

Ved å markera 500 år for reformasjonen vert me minna om at som kristne skal me stå opp for dei svake, dei marginaliserte, dei som strevar med å finne seg til rette i samfunnet vårt. Som kristne kan me ikkje arbeida oss fram til frelse, men i gleden over at me har ein Frelser kan me visa vår kjærleik til å stå opp for andre menneske som treng vår støtte. Vår kyrkja må vera med å styrkje solidariteten i landet vårt. Konklusjonen på «Diakonikonferansen 2017» vart ikkje «Adjø», men STÅ PÅ!

Jula er Jesus

Bodskapen til jula handlar om noko som verkeleg skjedde. Det skjedde noko i palasset til keisaren, det skjedde noko i ein stall, og det skjedde noko i hjarta.

På Betlehems marker jubla englane og song. «Ære vere Gud i det høgste, blant menneske Gud har glede i!» Denne hærskaeren av englar hadde vist seg for ein flokk gjetarar, og dermed vart desse dei første som fekk høyra evangeliet om at Frelseren var fødd. Det var eit gledesbodskap, ein glede som skulle verta heile folket til del. Og som ei stadfesting på at dette var sant, lydde det, «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Luk. 2,11-12. Jula er Jesus, og han skal vi æra og lovprisa. Vi kan få lukka Jesus inn i hjarte og sinn òg i denne julehøgtida.

Då vert det ein fredfull og gledeleg jull!

KPK



Reformasjonsmarkeringen i 2017 har gitt oss god anledning til å se på historien, men hjelpe oss til å forstå hvor vi er i dag. 500-årsjubileumet har også vært en inspirasjon til å reflektere over hva slags kirke vi ønsker å være. Kirken er både tradisjonsbærer og tradisjonsfornyere. Som kirke bærer vi med oss flere tusen år gamle tradisjoner. Kirken har en viktig oppgave i å motta og videreformidle denne tradisjonen. Samtidig er kirken med på å forme og fornye tradisjonene vi bærer med oss slik at de holdes levende.

Det er mange måter å tenke seg å være reformatorer i dag. Det kan for eksempel dreie seg om:

Språk:

”Vi kan ikke benekte at selv om evangeliet har kommet bare ved Den Hellige Ånd og kommer slik hver dag, så kommer det likevel til oss og ved hjelp av språkene, og det er også ved hjelp av språkene at det utbres. Derfor må det også holdes oppe ved hjelp av dem” - Martin Luther

En kirke må alltid lete etter det språket som gjør at mennesker forstår hva evangeliet betyr, og hva nåden innebærer. Dette var Martin Luther selv svært opptatt av. Han oversatte Bibelen fra grunnspråkene gresk og hebraisk til tysk, slik at folk selv kunne lese Guds ord. Før reformasjonen foregikk også all liturgi på latin, men etter hvert begynte kirken å holde gudstjenester på morsmålet, slik at flere kunne få en bedre forståelse av gudstjenestefeiringen. Også i dag må vi være på jakt etter å snakke et språk som er forståelig og tjenlig for evangeliet. Språket i samfunnet er levende og dynamisk, og det må også kirkens språk være. Slik kan Ordet bringe oss Gud nær, -så troen kan skapes, næres og vokse i våre hjerter.

Nye møteplasser:

”Du skal vite at det å tjene Gud ikke betyr noe annet enn å tjene din neste og i kjærlighet gjøre vel mot ham om det så gjelder barn, hustru, tjener, fiende, venn, uten forskjell hvem han enn er som trenger deg til legeme og sjel, og hvis du enn kan hjelpe legemlig og åndelig. Dette kalles gudstjeneste og gode gjerninger” - Martin Luther

Det å være kirke handler om fellesskap. Et viktig spørsmål er hvordan man ønsker at dette fellesskapet får sin form. Reformasjonen satte i gang en bevegelse som blant annet innebar at husfolk skulle ha andakter, man skulle be for maten i hjemmene og ha salmesang på morsmålet. Luther laget den lille katekismen for å hjelpe hjemmene med dette.

Det å være kirke handler om å møtes rundt Ordet og sakramentene, og i mange år har gudstjenesten vært

det sentrale samlingspunktet. I dagens kirke er det enda flere møteplasser; i barne- og ungdomsarbeidet, trosopplæringen og møteplasser for voksne. Likevel er det alltid nyttig å diskutere om det finnes flere fellesskapsarenaer som kan være betydelige i fremtidens kirke.

Diakoni:

”Det finnes ikke noen større gudstjeneste enn den kristne kjærlighet som hjelper og tjener de nødlidende” - Martin Luther

Diakonien er en vesentlig oppgave i kirken. Diakoni handler om at kirken kontinuerlig må være på leting etter å avdekke og å lindre nød og fortvilelse. Det kan for eksempel handle om ensomhet, grupper som faller utenfor eller flyktninger. Dette handler om at mennesker og skaperverket ikke er til salgs. Vi som kirke må avdekke hvor uretten skjer og vise handlekraft i møte med dette. Som kirke er vi alltid kalt til å fremme rettferdighet.

Politikk:

”Hvis en fyrste har urett, plikter folket hans likevel å følge ham? Svar: Nei. For ingen bør handle mot retten, men en må lyde Gud, som vil at retten skal råde, mer enn mennesker.” - Martin Luther

Kirken har til alle tider vært en etisk og politisk aktør, helt fra da Jesus kastet ut selgerne fra tempelet (Matt 21,12-13). Kirken må og skal alltid være en politisk aktør. Ikke partipolitisk, men offensiv på politiske og etiske spørsmål, forkynnende og utfordrende. Kirken må alltid våge å tale tydelig der hvor kirkens budskap er tydelig. Dette handler ofte om spørsmål knyttet til menneskeverd, fremtidshåp og rettferdighet. Spørsmålet for kirken i dag blir hvilke aktuelle problemstillinger knyttet til disse emnene vi må tale tydelig i.

Martin Luder skiftet etternavn og tok navnet Luther, ”den frie”. Dette navnebyttet kan igjen og igjen minne oss om det som er kirkens frihet og enhver kristens frihet. Rom. 8, 38-39:

”For jeg er viss på at verken død eller liv, verken engler eller krefter, verken det som nå er, eller det som kommer, eller noen makt, verken det som er i det høye eller i det dype, eller noen annen skapning, skal kunne skille oss fra Guds kjærlighet i Kristus Jesus, vår Herre.”

Det handler grunnleggende om å våge å komme tilbake -på ny og på ny- til Guds favn som alltid venter på oss med åpne armer og med naglemarkedede hender. Det frigjørende og paradoksale: Vi går med fred. Og tjener Herren med glede.

Margrethe Ølberg
Sokneprest

JOBB, SPRÅK OG MENNESKER

Marianne Wannes

I dag gikk jeg fra jobben etter en siste dag, og to uker med opplevelse av mennesker. Jeg vil si dette er min første ordentlige jobb, en sommerjobb som guide i Røldal stavkirke. Så mye jeg har lært! Og ikke minst hyggelige og fantastiske mennesker jeg har møtt. Menneskene jeg har jobbet med har vært så snille med meg og tatt meg kjempegodt i mot. Jeg sitter igjen med stor takknemlighet for at jeg har fått muligheten til å ha denne jobben, og krysser virkelig fingrene for at jeg kan få komme igjen neste år.

Hvem trenger vel språkreise når man kan være guide i en stavkirke? Åå det er vel et lite misunnelses spørsmål, for jeg skulle gjerne vært på en, men jeg har virkelig fått brukt språk i denne jobben. Noe som har vært både gøy, utfordrende og bittelitt skummelt. For det meste har vi brukt engelsk, men også bittelitt (med store bokstaver, for det meste egentlig bare tall) tysk. Det har kommet turister med så mange nasjonaliteter, og det å ta dem i mot har vært kjempegivende. Selv om ikke alle har vært like fornøyde med at vi har en inngangspris til kirka har det vært så mange hyggelige mennesker som har vært interessert i kirkehistoria. Jeg har heldigvis sluppet å måtte guide alle, for det har ærlig vært den skumleste og mest utfordrende delen av jobben her, men jeg har stått ved inngangen og tatt dem i mot så godt jeg kan. Lært meg å møte alle med et vennlig smil :) Også har det da ikke vært besøkende hele tiden, så jeg har kunnet brukt masse tid på å lese. Det er noe jeg vanligvis aldri setter av tid til, men det er jo så deilig, egentlig. Bare sitte med en god bok.



Jeg ble helt forelsket i arbeidsuniformene våre!



Amerikanere, tyskere, nederlendere, spanjoler, engelskmenn, dansker, kinesere, franskmenn og russere er noen av de nasjonalitetene som har besøkt oss. Så mange mennesker, med så mange forskjellige historier. Er det ikke rart å tenke på at de har kommet hit til Norge for å se det lille landet vårt? Spesielt synes jeg det er rart når de kommer og besøker denne lille kirka i denne lille, nydelige bygda, men jeg tror jeg vet hvorfor jeg synes det er rart. Jeg har vært her i Røldal helt siden jeg var bitteliten, og er vant med det som er her. Ja, jeg synes det er vakkert, men jeg setter nok ikke så stor pris på det som jeg skulle gjort. Jeg forstår dette når jeg ser ekstasen til flere av turistene som kommer. Jeg tror virkelig en ting! Det er at vi trenger å se vante ting med noen andres øyne litt oftere for å kunne forstå hvor mye vi egentlig burde sette pris på det. Det var en familie jeg fikk guide som hadde kommet hele veien fra USA for å besøke oss. De hadde drevet med slektsforskning og funnet ut at de hadde norske røtter. De hadde funnet ut så mye som at to av deres forfedre ble døpt i akkurat Røldal stavkirke. Jeg ble stående og bare lytte til historien deres, og kunne jo samtidig fortelle dem litt om hva som skjedde her i noen av årstallene de snakket om. Det var så spennende å høre på dem, og jeg forstod at det var virkelig stort for dem å få komme hit. Selv om jeg ikke er herfra har det alltid følt som et andre hjem å få lov å komme hit til tante. Det er som om ting går noen minutter saktere her borte. Jeg mener at alle trenger et sånt sted. Et fristed.

Guds store julegåve

Av Asbjørn Kvalbein,
forkynner i Norea Mediemisjon
Bibeltokst: Lukas 2:1-14

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørte til Davids

hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ere vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

På 1600- og 1700-talet levde hertug Charles Seymour i England. Han blei kalla den stolte hertugen og bygde seg eit stort palass i Sussex. Den vakre mannen likte godt å opptre, men fornem var han så han ville ikkje nedlate seg til å snakke med tenarane sine. Han brukte berre teiknspråk. Han skaffa seg fleire hus på reiseruta frå slottet på landet til herskaps huset i byen. Når han var på reisefot, kunne han sleppe å blande seg med folk frå lågare klasser i dei offentlege vertshusa.

For ein forskjell når vi tenkjer på Jesus. Kristen tru inneber at Gud sjølv kom i sonen sin, han lækte smittsame spedalske og tok dei mest elendige syndarane inn i varmen. Han viste omsorg for barna, blinde, døve og funksjonshemma. Menneske kan vere snobbete, men ikkje Gud. Guds kjærleik tillèt ikkje at han held seg på avstand.

Gud kom inn i verda ved barnet i småbyen Betlehem. I juleforteljinga ser vi Gud audmjuka seg i stall og krubbe. Legg merke til kven som fekk bodskapen fyrst: Ikkje nokon frå toppsjiktet i samfunnet, men dei med lågast status. Gjetarane passa på illeluktande sauer. Eg tviler på at det trongst nokon spesiell utdanning, berre eit minstemål av fornuft og litt mot. Berre Gud har herleggjort eit så nedvurdert yrke.

Kan du sjå for deg ein av desse gjetarane sitje blant personar som har reist rundt i verda? Ein mann skry-



tar. «Eg har sett pyramidane i Egypt,» En annan seier: «Eg har sett Caesar ri gjennom gatene i Roma i all sin glans.» Då lurar eg på om den audmjuke gjetaren ville våge å seie: «Eg såg Kongane sin Konge, den mektige Gud inkarnert, Verdas Frelsar i krubba i Betlehem.»

Slik arbeider Gud. Han tek dei lågaste i samfunnet og gir dei herlegdom. Slik lærer Gud oss at vi aldri skal sjå ned på eit anna menneske. Gud gav seg sjølv til alle, men begynte med dei små. Til og med det mest audmjuke og lave liv kan rørast av den guddommelege handa.

Ei gåve uttrykkjer to ting: Givaren bryr seg og vil deg noko godt. Dernest seier gåva noko om kva du antakast å trenga. Det gjeld også den gåva Gud gav i sonen sin.

Dersom det største behovet vårt hadde vore kunnskap, ville Gud gitt oss ein lærar. Dersom vårt største behov låg på det tekniske planet, ville Gud gitt oss ein ingeniør. Dersom vårt største behov hadde vore pengar, ville Gud gitt oss ein økonom. Dersom det største behovet er fornøyelse, ville Gud gitt oss ein artist. Men vårt største behov er tilgiving og bli teke inn i eit familiært, nært barneforhold til Gud. Derfor gav Gud oss ein Frelsar.



Tenk litt over dette: Julens kjøpepress

Vi blir utsatt for et enormt kjøpepress i julen. Alle skal kjøpe dyrere og dyrere gaver, alt skal være fint og flott, for man skal jo gjerne overgå hverandre og overgå det man kjøpte forrige jul.


Egentlig er det ikke så rart at mange er med på dette spillet. Hver eneste dag blir man bombardert med budskapet om at man skal kjøpe, kjøpe, kjøpe, helst dyre ting og gjerne på kreditt. Reklame på tv, reklame i postkassen, radio, aviser, internet, blogger osv. Samme hvor man snur seg er det fokus på kjøpe. Og jo dyrere jo bedre. For da blir alle så mye mer lykkelige.

At nordmenn advares om at de nå er så syltet ned i gjeld ser ikke ut til å skremme folk. At mennesker går til grunne på grunn av gjeld fordi man har latt seg påvirke av propagandaen, at inkassogjelden i Norge når nye høyder med det resultat at mennesker kan miste både hus og familie, eller at mange faktisk blir syke av dette sinnsyke kjøret, ser ikke ut til å bry så mange.

Dette har blitt et digert spill med menneskeskjebner, et spill som kun har som mål å holde mennesker i sjakk, og ikke minst, berike de som sitter på toppen av dette store pyramidespillet, som dagens pengesystem faktisk er.

En annen ting med dette er de som kaller seg miljøaktivister. Helt til man kommer til julen. Da handler de samme personene som gale. Hvor er tankene om miljøet da? Et av vår tids store problem er jo nettopp overforbruket. Det er en enorm miljøbelastning.

Hvor har det blitt av "det er tanken som teller"- holdningen? En gave fra hjertet, gjerne hjemmelaget, er mye bedre. Man vet at personen som gir meg den gir fra hjertet, vedkommende har tatt seg tid til å lage en personlig gave til nettopp meg, i stede for å gå inn i en vilkårlig butikk og kjøpe noe som bare blir satt



bakerst i skapet.

Vår tids overforbruk og ekstreme pengebruk er med på å holde et gjennområttent system i live, et system som har som mål å slavebinde deg fra du er født til du dør. Et system som er totalt uten empati for medmennesker og uten menneskelige verdier, verdier som faktisk mennesker virkelig behøver, men som mange har glemt til fordel for vår tids nye Gud: Penger.

Tenk litt over dette. Gi med hjertet i stedet for å gi med lommeboka. Sannsynligvis vil du oppdage at julen brått blir mer personlig, hyggeligere og mindre stressende. Bruk heller tiden på familie og venner enn å fly rundt som stressede høner på et kjøpesenter. Og det varmer så mye mer.

Margrethe Ølberg
Sokneprest

SKATTEKISTA i RØLDAL

våren 2018

Alder: 3 – 6 år

i Kyrkjestova kl. 17.00 – 18.00

16. januar
6. februar
6. mars
10. april



KONTAKTPERSONAR:

Aud Marie Lynghammer, mob: 907 52 179
Liv Karin Larsson, mob: 476 18 491

Småbarnsong (0-3)

i Røldal våren 2018

Tirsdagar i kyrkjestova

kl. 10.00 – 11.30:
16. jan, 13. feb,
13. mar, 17. apr,
8. mai



KONTAKTPERSON:

Liv Karin Larsson,
mob: 476 18 491

Gjer ungdomane kjent med kyrkja på ein ny måte

Nattkyrkje på Tjøme fekk Trosopplæringsprisen i år. – Dei har lukkast med å nå breitt samstundes som dei tek den enkelte deltakaren på alvor, seier juryen.

Av: Ingunn Marie Ruud, KPK

Vinnaren av Trosopplæringsprisen 2017 er Nattkyrkje i Tjøme kyrkje i Vestfold. Her samlast 20 - 50 ungdomar mellom 15 og 18 år ein fredag i månaden. Nattkyrkje inviterer ungdomane til kafé, spel, samtalar, lystenning og forbønn i det 150 år gamle kyrkjerommet.

– Trosopplæringsprisen 2017 går til eit arbeid som har senka terskelen inn i kyrkja for deltakarane og som har vorte lagt merke til i lokalsamfunnet. I arbeidet har ein lukkast med å nå breitt og samtidig ta den enkelte deltakaren på alvor, skriv juryen i grunngjevinga si.

Nattkyrkje er eit resultat av dialog med 15-20 ungdomar i ein «drudleggruppe». Gruppen har bestått av ungdomar både med og utan tidlegare tilknytning til kyrkja.

– Gjennom Nattkyrkje vert ungdomane kjent med kyrkja på ein ny måte. Då tenkjer vi både på sjølve bygget og på kyrkja som menneska som er kyrkjelyden. Ungdomane får sjølv vera med å påverka konseptet og utvikla ei kyrkje for dei og generasjonane etter dei, seier soknediakon Rune J. Lian.

Fekk med kyrkjeframande

Soknediakonen forteljar at dei har hatt mykje ulikt ungdomsarbeid for gruppa 15 til 18 år tidlegare, men at det har vore vanskeleg å få dei med over i kyrkja.

– Ved å arrangera Nattkyrkje er vi med på å førebyggja og sletta desse fordømane som mange har mot kyrkja. Man får koma til kyrkja og sjå kva kyrkja faktisk er og stilla spørsmål, seier han.

Lian oppfordrar andre kyrkjer til å våga å spørja ungdomar utanfor den «harde kjernen» å bidra.

– Spør dei du gjerne aldri ville tenkt å spørja. Det er veldig fort gjort å gå til dei same ungdomane. Tenk utanfor boksen. Det vi lukkast best med i dette prosjektet var å få med ungdomar som nesten aldri har vore inne i kyrkja, seier han.

Arrangørane av Nattkyrkje på Tjøme oppfordrar andre forsamlingar til å våga å bruka kyrkjebygget.

– Alle her på trosopplæringskonferansen har ei kyrkje. Den må vi våga å bruka òg andre gonger enn sundag klokka 11, seier dei.

Medverkna

Dialogarbeidet med ungdomane i Nattkyrkje vart sett i gang gjennom prosjektet Luther Øre. I dag står Nattkyrkje på egne bein, og det vert stadig jobba med å utvikla konseptet.

– Medarbeidarane har vore villige til å investera tid til å lytta, og har deretter våga å handla på det dei har høyrte er behova i målgruppa. Juryen har lagt vekt på at arbeidet frå dag ein er utforma av deltakarane, slik at ordet medverknad er fylt med innhald på ein framifrå måte, seier juryen vidare.

Under Nattkyrkje fangar installasjonar og musikk opp temaet til kvelden, som blant andre har vore ventetid, boble og prestasjon. Det skal vera rom for fleire spørsmål enn svar, og rom for å setja egne ord på trua si.

– Kyrkjerommet vert ein stad deltakarane kan vera i på egne premisser, og arbeidet bidreg til at det vert skapt nye relasjonar til kyrkja, skriv juryen.

På Trosopplæringskonferansen

Trosopplæringsprisen 2017 vert delt ut av IKO – Kyrkjeleg pedagogisk senter saman med KA og Kyrkjerådet.

Prisen vart utdelt på Trosopplæringskonferansen tysdag 17. oktober på The Qube på Gardermoen føre omtrent 1400 medarbeidarar frå forsamlingar og organisasjonar i heile Noreg. Konferansen vert arrangert årleg.

Prisen består av eit bidrag på 50 000 kroner og eit kunstverk av kunstnaren Helga Bøe.

Juryen har i år bestått av: juryleiar Helene Horsfjord frå KA, Sten Are Hanserud, oppnemnt av IKO, Silke Pahlke frå Kyrkjerådet, Eldbjørg Leinebø Ekre og Ingrid Fjeld frå IKO.

KPK



MYE RART: Frivillig ungdomsleder i Nattkirke i Tjøme kirke, Herman Gilboe-Caspersen (17), mottok prisen på vegne av prosjektet og takket de ansatte i kirken for å ha holdt ut med mye rart.

FOTO: Ingunn Marie Ruud



Barnekryss



	1.	2.			
3.			4.	5.	6.
7.		8.		9.	
	10.				
				11.	

Vannrett:

1. årstid
3. istid
7. hovedstad
9. fugl+e
10. smile-kommune i vest
11. Yasmin Andersen

Loddrett:



1. stopp på Bergensbanen
2. Åge Moss
3. duppe av
4. ukedag ...day (eng.)
5. guttenavn
6. jentenavn

Lag din egen julepynt!



INSTRUKS:

1. Klipp ut.
2. Brett i halv.




TIPS:

Kan brukes som deksel til telys.



OBS!  Bare med elektrisk telys.

3. Klipp brettet ved linjene.
4. Brett hver andre strippen til motsatt side.



BRETT HER

BRETT HER





tlf. 02002



tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

FARGERIKE

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80

torkelsen@fargerike.no



Sentralbord: 53 65 05 00

www.oddaenergi.no



Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99

53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50

fax 53 64 23 81

www.digranes.no



ODDA MEKANISKE VERKSTED AS

Postboks 144, 5751 Odda

post@omv.as tlf. 53 64 00 40



VD ENGINEERING AS

Postboks 392, 5751 Odda

Hardanger Folkeblad
- først og fremst

tlf. 53 65 06 20



tlf. 55 09 28 88

Odda Rutebuss AS



Tyssedalsvn. 8 - 5750

1Odda

tlf. 53 64 18 65

fax 53 64 23 91

Røldal Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656

Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid
Stillasutleige - Vedsal



Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.

www.oddakommune.no



EIN STABIL OG TRYGG BANK

AVD. ODDA - 53 64 95 00



tlf. 53 00 44 24



tlf. 53 64 56 12



HARDANGER BILSKADESERVICE

OPPRETTING - LAKKERING - SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22

EUROSKO
ODDA

Nederst i Gågata

tlf. 53 64 10 12

INGENIØR- OG ENTREPRENØRFORRETNING



tlf. 53 64 80 80

post@hoyer-odda.no



Røldal - tlf. 53 64 71 26

Kryssordløsning:



Vannrett: 1. VÅR 3. SOMMER
7. SLO 9. DU 10. SUND 11. YA

Loddrett: 1. VOSS 2. ÅM
3. SOVE 4. MON 5. EDDY
6. RUNA



TERJE

STORHAUG

barne-unodoms-og herrektaer

tlf. 53 64 16 44

Steinar Tokheim

Byggn.tekn.kons.

Skare

stokheim@online.no

mob. 958 71 277

Einar Reisæter AS

elekt. forretn. install.

Eitrheimsv 1, 5750 Odda

tlf. 53 64 13 33

**Ønsker du å ha annonse
i Helgahelsing?**

Ta kontakt med kirkekontoret!



Misjonslaget i Røldal Møtedagar våren 2018

kl. 11.00 - 13.00 i kyrkjestova:
17. januar, 14. februar, 14. mars, 18. april.

Kontaktperson:
Liv Karin Larsson, mob 476 18 491

Ordet som vart menneske

Det skal igjen feirast jul på jorda! Jesus er komen til oss med sanninga og som sanninga. Han er Ordet som vart menneske. Johannes prologen lyder som eit preludium for det som må vera det sentrale i jula. Ordet, Guds Son er det som verkeleg kan skapa julegleder i hjartet. «I byrjinga var Ordet. Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud.» Det er inngangsporten til det nye livet i Gud. «For de er fødte på nytt, ikkje av forgjengeleg sæd, men av uforgjengeleg, ved Guds levande ord som alltid varer ved.» 1. Peter 1,23. Paulus seier, «Ordet er deg nær, i din munn og i ditt hjarte. Det er ordet om trua, det som vi forkynner. For vedkjennar du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjartet ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du bli frelst.» Rom. 10, 8-9.

Ordet som vart menneske er òg Ordet som vart Ande. Og med denne Guds Ande i hjarte og sinn vert det gledeleg jul. «Fred over jorden. Menneske fryd deg! Oss er en evig Frelser født!» (Ingemann) KPK

Det kan skje oss alle:

En dag vi er på gravplassen for å stelle en grav, viser det seg at det er begravelse på gang, og gravfølget skal i en slik retning at de sørgende passerer deg, kommer innenfor synsfeltet ditt, eller til og med stanser ved en grav ganske nær deg.

I en slik situasjon kan en bli litt usikker. Hvordan viser man på best mulig måte respekt for de sørgende, og for de kirkelige handlingene som pågår?

Her kan en trygt bruke sunn fornuft, det viktigste er at følget ikke forstyrres eller uroes:

- Tre gjerne i bakgrunnen og vent til gravferdsfølget er ferdige ved graven

Eller:

- Bli stående stille og rolig ved graven du steller – til følget løser seg opp.

Slik bidrar du til en god kultur, og til at vi alle tar hensyn til hverandre i en sårbar situasjon på gravplassen.

JULEKONSERTER 2017



Odda kyrkje

Torsdag 14. desember, kl. 18.00

Odda Musikklag og Ørjan Hartveit.

Røldal kyrkje

Fredag 15. desember, kl. 19.00

«Vinternatt» ved Reidun Horvei og Inger Kristine Riber.

Tyssedal kyrkje


Søndag 17. desember, kl. 19.00

Tyssedalkoret med Lajla Renate Buer Storli og John Ole Morken.

Odda kyrkje

Tysdag 19. desember, kl. 18.00

«Strålende jul» med Anita Hegerland, Lars Hansen og Makeda.



Snipeskrik

*Det skriker ei snipe inne
i elvesus logn og linn.*

*- Hossen kan fugger `n finne
tone tel sangen min?*

*Det kvitner over skjæra,
Et sårt mot blygt og blidt.*

*- Hossen kan fugger `n væra
kjent i hjertet mitt?*

Hans Børli, (1918 - 1989) fra «Fasetter»
norsk diktantologi 1962



Døyppte

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar
så lenge verda står. *Matt.28,20*

Odda kyrkje

24.09.2017 *Martine Tokheim Lauritsen*
24.09.2017 *Magnus Olsen Gurvin*
24.09.2017 *Liam Mikkelsen Nilsen*
24.09.2017 *Gustav Seim*
01.10.2017 *Ida Johanna Midtbø Andersson*

Røldal kyrkje

15.10.2017 *Ole Engebretsen Tveita*
15.10.2017 *Oliver Solbakken Lobben*
05.11.2017 *Aslak Solbakken Reinsnos*

Tyssedal kirke

28.10.2017 *Thea Søreide-Iversen*

Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

Odda

Jan Magnar Solvi f. 1942
Per Steinar Karlsen f. 1949
Borgny Helle f. 1923
Rannveig Moss Grytten f. 1926
Ingeborg Rongve f. 1921
Valborg M. Nilsen f. 1913
Raymond Henriksen f. 1943
Bjarne Johannes Bu f. 1932
Ruth Skulbru f. 1930
Jan Forstrøm f. 1930
Jon K. Digranes f. 1929
Georg Oskar Sørnes f. 1929
Georg Næss f. 1932
Wilhelm Dagestad f. 1926
Anna Birgit Mosdal f. 1929
Trygve Fodnes f. 1928

Røldal

Arne Grave f. 1928

Skare

Torbjørn J. Skare f. 1933

Tyssedal

Alis Kirsten Laugen f. 1939

Vigde

Røldal kyrkje

16.09.2017 *Lars Petter Gullaksen og Anna Sofia Sjøgren Vaage*
30.09.2017 *Magnus Mellbye Larsen og Kirsten Marie Søvde*

Tyssedal kirke

28.10.2017 *Morten Iversen og Monica Søreide*

GUDSTENESTELISTA

24. des. - julaftan

Tyssedal kyrkje kl. 14.00
 Odda kyrkje kl. 16.00
 Skare kyrkje kl. 16.00

25. des. - juledag

Røldal kyrkje kl. 11.00
 Odda kyrkje kl. 12.00

31. des. - nyttårsaftan

Røldal kyrkje kl. 16.00

1. jan. - nyttårsdag

Odda kyrkje kl. 12.00

7. jan. - Kristi åpenbaring

Odda kyrkje kl. 11.00

14. jan. - 2.søn. i åpenbaringstida

Røldal kyrkje kl. 16.00

21. jan. - 3. søn. i åpenbaringstida

Odda kyrkje kl. 11.00
 Økumenisk gudsteneste
 Skare kyrkje kl. 11.00

28. jan. - sãmãnnssøndag

Røldal kyrkje kl. 11.00
 Tyssedal kirke kl. 17.00

4. feb. - Kristi forklaringsdag

Odda kyrkje kl. 11.00

11. feb. - fastelavnssøndag

Røldal kyrkje kl. 16.00
 Familiegudsteneste

18. feb. - 1. søn. i fastetida

Skare kyrkje kl. 11.00
 Odda kyrkje kl. 17.00

25. feb. - 2. søn. i fastetida

Tyssedal kirke kl. 11.00

4. mar. - 3. søn. i fastetida

Røldal kyrkje kl. 11.00
 Odda kyrkje kl. 17.00

11. mars - 4. søn. i fastetida

Skare kyrkje kl. 11.00

18. mar. - Maria Bodskapsdag

Odda kyrkje kl. 11.00
 Tårnagenthelg
 Røldal kyrkje kl. 16.00
 Familiegudsteneste



Det kan verta endringar - sjå etter i HF om fredagen

Tysdagsbøn

i Odda kyrkje kl. 12.00



Ynskjer du hjelp til å koma deg til kyrkja i Odda når det er gudstenester der?

Fredagen
 før gudstenesta
 innan klokka 12.00:



Ring Odda kyrkjekontor **53 65 09 00**

Kyrkjeskysen i Røldal



ring **95 95 11 11**

Fellesbøn

(økumenisk bøn)



på Frelsesarmeen
 kvar laurdag klokka 10

Kirkens SOS

FORTVILET?
 Ring Kirkens SOS
 22 40 00 40



ODDA

TRYKK & REKLAME

Postboks 253 - 5751 Odda
 tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30

www.oddatrykk.no